

# ROFJELL

**Turtype:** Fottur

**Sesong:** Barmark

**Lengde:** 5 km tur/retur

**Høgdeskilnad:** 400 m

**Parkering:** Ved idrettsparken i Bordalen



Parkering og turstart frå idrettsparken i Bordalen. Gå langs fotballbanen. Følg skilt/merking frå lagerbygg i nordenden av banen. Etter om lag 300 m på sti gjennom skogen, kjem du til eit stikryss. Ta til venstre og følg merking/skilt mot Rofjell. Turen er ikkje så lang om ein måler i kilometer, men dette er ein krevjande tur med ein del høgdemeter og nokre parti som er veldig bratte. Ved parkeringa startar du på 288 moh, toppen ligg på 688 moh med fantastisk utsikt i alle himmelretningar.

